



Lindås VVS AS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2282 - 16/14774

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
03.06.2016

Løyve til etablering av vassleidning - gbnr 124/5 Kjeilegavlen.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Tore Atle Haukedal
Ansvarleg søkjar: Lindås VVS NT AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Det er i søknad mottatt 21.05.2016 søkt om etablering av separat avlaupsanlegg og vassleidning for å føra vatn inn i bygget frå eksisterande utvendig vasspost på eigedomen gbnr 124/5. I tillegg omfattar søknaden etablering av stikkleidning og kum for framtidig vasstilkopling for andre eigedomar i området.

Det vart i vedtak datert 08.01.2016 gitt utseppsløyve der avlaupet skal førast til sjø etter reinsing i slamavskiljar, rørleggjarmelding vart handsama av eining for Teknisk drift, jf skriv datert 28.09.2015 og det vart gitt dispensasjon og løyve til etablering av avlaupsanlegget i vedtak datert 22.01.2016.

Etablering av vassleidning frå utvendig vasspost og fram til fritidsbustaden og etablering av stikkleidning for framtidig tilknytning for andre eigedomar i området, vart ikkje teke stilling til ved tidlegare handsaming av saka då det var knytt ulike problemstillingar til den etablerte sjøleidningen som eigedomen skulle knytast til, jf arkivsak 16/160. Desse tilhøva er no avklarte i tilstrekkeleg grad til at søknaden om etablering av vassleidning frå eksisterande utvendig vasspost og fram til fritidsbustaden på gbnr 124/5 kan handsamast.

Det vert elles vist til søknad motteke 21.05.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er avsett til LNF-føremål. Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og er såleis omfatta av det generelle byggjeforbodet i pbl § 1-8.



Det er i vedtak datert 22.01.2016, gitt dispensasjon frå kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona for etablering av avlaupsanlegg.

Når det gjeld etablering av vassleidning for å leggja vatn inn i bygget vurderer administrasjonen at tiltaket ikkje er i strid med arealføremålet og at det ikkje vil setja omsynet verken til LNF-føremålet eller strandsonevernet til side. Det er lagt til grunn for vurderinga at tiltaket ligg på eigen grunn, at vassleidningen allereie er ført fram til utvendig vasspost på eigedomen og at stikkleidningen vert gravd ned slik at han ikkje vil gje varige spor i naturen eller vil vanskeleggjera ei gjennomføring av gjeldande plan, jf skriv frå KMD datert 10.06.2015. Ytterlegare krav om dispensasjon vert såleis vurdert til ikkje å vera naudsynt.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 21.05.2015.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er knytt til offentleg vassverk via etablert privat vassleidningsnett i området. Eigedomen har utvendig vasspost godkjend i vedtak datert 12.05.2010.

Det er søkt om og gjeve utseleppsløyve i vedtak datert 08.01.2016.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

I tillegg til dei uavklarte formelle tilhøva kring etablering av vassleidningen frå Hopsvågen til Kjeilgavlrika er det avdekkja avvik på utførelsen av vassleidningen som må rettast. Dette er tatt opp med ansvarleg utførande føretak. Det er ikkje dokumentert at arbeidet er retta.

Då dei formelle forholda kring den etablerte vassleidningen no synast tilstrekkeleg dokumentert, jf arkivsak 16/160, finn kommunen at søknaden om etablering av vassleidning frå eksisterande utvendig vasspost og fram til fritidsbustaden på gbnr 124/5 kan handsamast, dersom det samstundes vert sett vilkår om at feil og manglar på utførelsen av vassleidningen frå kum på gbnr 124/11 og fram til kum på gbnr 124/5 vert retta.

Kommunen vil føreta synfaring før det vert gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Etablering av stikkleidning og kum for framtidig tilkopling av andre eigedomar vert ikkje godkjend.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Godkjenninga omfattar ikkje etablering av anlegg som tilrettelegg for framtidig tilkopling til offentleg vassverk for andre eigedomar. Revidert situasjonskart, med utmål, som viser faktisk plassering av etablerte og godkjende tiltak skal sendast inn før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Privatrettslege tilhøve

Naudsynte private rettar synast stetta gjennom dokumentasjon i arkivsak 16/160, som gjeld den etablerte private vassleidningen mellom Hopsvågen og Kjeilegavlrika.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Godkjende ansvarsrettar går fram av vedtaket. Kommunen forstår at arbeidet skildra som rørleggararbeid omfattar alt arbeid med tiltaket.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av vassleidning frå eksisterande utvendig vasspost og inn i fritidsbustad på gbnr 124/5 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 21.05.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket omfattar ikkje løyve til etablering stikkleidning og kum som legg til rette for framtidig tilkopling for andre eigedomar.
3. Revidert situasjonskart som viser faktisk plassering av godkjende tiltak skal sendast inn før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest.
4. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.
5. Kommunen vil føreta synfaring før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Lindås VVS NT AS	915 836 445	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Lindås VVS NT AS	915 836 445	S	1	Rørleggerarbeid
UTF	Lindås VVS NT AS	915 836 445	S	1	Rørleggerarbeid

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Vedtaket er gjort i samsvar med Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 27 juni 2008 nr 71. Ajourført med endringer, senest ved res. 22 juni 2012 nr. 574 (i kraft 1 jan 2013) og ved lov 10 aug 2012 nr. 61.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2282

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tore Atle Haukedal

Torvli 9

5122

MORVIK

Mottakrar:
Lindås VVS AS

Postboks 42

5951

LINDÅS